



Målfrid Svendal
Saudalen 85
5124 MORVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2900 - 15/28541

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
17.09.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - utsleppsløve for hytte - gbnr 116/53 Lauvås.

Kommunen viser til søknad om utsleppsløve mottatt 12.08.2015. Saka gjeld legalisering av rehabilitert/oppgradert avlaupsanlegg for eigedomen gbnr 116/53.

Vi har etter ein førebels gjennomgang av saka følgjande merknader:

Heimelshavar/ansvarleg søkjar:

Søknaden er signert av John Atle Svendal for Målfrid Svendal, som er oppgitt som ansvarleg søkjar, og som også var heimelshavar på søkjetidspunktet. Det må leggjast fram fullmakt som viser at J. A. Svendal kan signera for søknaden på heimelshavar sine vegne.

Nabovarsel

Vi kan ikkje sjå at tiltaket er nabovarsla tilstrekkeleg. Statens vegvesen er ikkje varsla. Det ligg heller ikkje føre erklæring med rett til å kryssa fylkesveg 57 slik skildra i søknaden. Dersom erklæring vert lagt fram er ytterlegare nabovarsling ikkje naudsynt.

Godkjenning etter anna lovverk

Tiltaket krev også løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Søknad vert å senda inn av føretak som kan godkjennast for ansvarsrett. Dersom mogleg bør søknaden sendast inn av føretaket som har utført arbeidet. Då søknaden gjeld legalisering av etablert leidning vil vi i dette tilfelle vurdera det som tilstrekkeleg at føretaket erklærer at tiltaket er forskriftsmessig utført.

Eigedomen er registrert med ny heimelshavar frå 14.08.2015. Søknad om løyve til tiltak må signerast av tiltakshavar. Dersom tiltakshavar ikkje er heimelshavar må det leggjast fram fullmakt.



Tiltaket kan ikkje godkjennast etter plan- og bygningslova før det ligg føre løyve frå Statens vegvesen til å leggja avlaupsleidning over Fv 57.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.11.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vert arkivert utan vidare handsaming.

Kopi av vedtaket vert send registrert heimelshavar per dato.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Andrius Baliunas, Indre Baliuniene

Mottakarar:

Målfrid Svendal

Saudalen 85

5124

MORVIK